

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtestad: Jostedal Hotell, Jostedalen, styresamling 16.-17.09.2021
Dato: 17.09.2021
Tidspunkt: 09:00 - 11:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Leif Solemsli	Leiar	VANG
Marit Sletten	Nestleiar	LOM
Trude Brosvik	Medlem	VLFK
Harald Sve Bjørndal	Medlem	VÅGÅ
Hilmar Høl	Medlem	ÅRDAL

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Medlem	LUSTER
Kjersti Bjørnstad	Medlem	IFK

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Svein Håvar Korshavn	Kjersti Bjørnstad	IFK

Merknader

Marit Aakre Tennø, vara for Ivar Kvalen, kunne heller ikkje møte.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Eldrid Nedrelo	Nasjonalparkforvaltar
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar
Rigmor Solem	SNO – Jotunheimen

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Leif Solemsli (sign.)

Marit Sletten (sign.)

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 30/2021	Godkjenning av innkalling og val av representant til å signere protokollen		
ST 31/2021	Referatsaker		
RS	Forslag av sikring av bratt og utsatt adkomst i sti opp til Knutshø i Jotunheimen.		2021/8996
RS	Fortun - Grandfaste - Fornya konsesjon - Norsk Hydro AS - NVE - Synfaring 7. og 8. september		2021/9240
RS	Nye energiløsninger på betjente turisthytter		2021/6460
RS	Utladalen landskapsvernområde - Helikopterflyging i Utladalen 30.juli 2021 - Hydro Energi	X	2020/3317
RS	Detaljregulering Bygdin - Høyring og offentlig ettersyn		2021/8865
RS	Tilbakemelding - retningslinjer for private gaver og bidrag til forvaltningen av verneområder		2021/7528
RS	Utsiktspunkt Vettisfossen: Kostnadsestimat og kort beskrivelse - Grunnlag for søknader om finansiering - Dronninga landskap	X	2019/12439
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Svar på forespørsel - Utlegging av geocache - Midtre Høgvagltind		2021/8849
RS	Rapport Beseggløpet - 2021		2020/1332
ST 32/2021	Delegerte vedtak		
20/2021	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - 2021 - telteir vest for Gjende - Stiftelsen Phoenix Haga		2021/5779
21/2021	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - snødekt mark og motorbåt - 2021-2025 - overvåking av store innsjøer - Gjende - NINA - NIVA - Akvaplan-niva		2021/4855
22/2021	Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - helikopter - Plassering av båt ved Bessvatnet - Vågå Røde Kors Hjelpekorps		2021/8302
23/2021	Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone for kartlegging ved Nautgardsbreen - UiB institutt for geografi		2021/8596
24/2021	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2021 - Transport til Glitterheim for dagsenterpasienter - Lom kommune		2021/9181
25/2021	Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Transport av ved med snøskuter og material med helikopter - Vidar Hjelle		2021/8601
26/2021	Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2021 - barmark - Transport til Glitterheim - Stig Lauvslund		2021/8007
27/2021	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Utladalen landskapsvernområde - 2021 - Bruk av		2021/7406

	helikopter for transport av materialar og utstyr for reparasjon av bruer - DNT Oslo og Omegn	
28/2021	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2021 - Bruk av drone for naturdokumentasjon Øvre Leirungen - Orsolya Haarberg	2021/8866
ST 33/2021	Eventuelt	
ST 34/2021	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Orientering om samarbeidsavtale mellom DNT og Statsforvalteren i Innlandet om ut.no	2021/9129
ST 35/2021	Lom kommune - Arealdel til kommuneplanen 2021-2030 - Uttale frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	2021/8902
ST 36/2021	Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2021-24 - Bruk av motorbåt for vedlikehald og tilsyn av hytte ved Gjende - Vidar Øihusom	2021/8617

ST 30/2021 Godkjenning av innkalling og val av representant til å signere protokollen

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 17.09.2021

Vedtak

Sakliste og innkalling godkjent.

Marit Sletten vart vald til å signere protokollen saman med styreleiaren.

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 17.09.2021

- **Fortun - Grandfaste - Forna konsesjon – Norsk Hydro AS - NVE (arkivsak 2021/9240)**
Eldrid Nederlo orienterte om arbeidet med fornya konsesjon for Fortun-Grandfaste og møte/synfaring 7.-8. september. Det er to punkt i konsesjonen som kan ha innverknad på verneverdien villrein, og som difor kan vera relevant for nasjonalparkstyret å uttale seg om:

1) Steintipp i Styggedalen og handtering av masse frå dammen.

Lokaliseringa er i konflikt med villreintrekket, og det er derfor viktig at massane blir handtert slik at det ikkje oppstår barrierar for villreinen – jf. innspel frå leiaren i villreinnemnda i det rådgjevande utvalsmøtet 16.sept.

2) Mogleg stenging av anleggsvegen innover Ringsdalen.

Mange køyrer innover vegen og teltar i området, og det blir dermed eit område som gjev konsentrert ferdsel med forstyrring for reinen ut frå denne lokaliteten. Alternativ til dagens situasjon er tilbakeføring av vegen, eller bom ved avkøyringa frå Tindevogen. Grunneigarane ønskjer tilgang til vegen, dersom det blir sett opp bom.

Eldrid følgjer opp saka og utformar ein uttale som støttar villreinnemnda sitt syn.

- **Nye energiløsningar på betjente turisthytter (arkivsak 2021/6460)**
Forvaltarane orienterte om dialogen ein har hatt med DNT Oslo og Omegn når det gjeld framtidige energiløysingar for turisthytter. Det er laga ein grundig analyse av forbruk og moglege løysingar for å fase ut eller redusere dieselbruken. For Glitterheim og Gjendebu var mikro kraftverk blant skisserte alternativ, men såpass store inngrep i ein nasjonalpark med vassdragsnatur blant dei framheva verneformåla vil det vera utanom rammene for kva ein kan gje dispensasjon etter nml § 48. Spørsmålet er spelt vidare til Miljødirektoratet, for eventuell overordna vurdering. Det finst også andre løysingar – som solceller, biodiesel, straumkabel i veg og kombinasjonar av fleire tiltak.
- **Utladalen LVO - Helikopterflyging i Utladalen 30.juli 2021 - Hydro Energi**
Eldrid Nedrelo orienterte om arkivsak 2020/3317.
- **Utsiktspunkt Vettisfossen: Kostnadsestimat og kort beskrivelse - Grunnlag for søknader om finansiering - Dronninga landskap (arkivsak 2019/12439)**
Eldrid Nedrelo orienterte om status i saka. Vi kjem attende til denne i november-møtet.

Vedtak

Arkivsak 2021/9240 - Fortun - Grandfaste - Forna konsesjon – Norsk Hydro AS

Styret støttar tiltak som tek best mogleg vare på villreintrekk i området for revisjon av konsesjonen til Hydro, og ein uttale på vegne av nasjonalparkstyret blir sendt frå leiaren.

Referatsakene elles vart tekne til orientering.

Forslag av sikring av bratt og utsatt adkomst i sti opp til Knutshø i Jotunheimen. 2021/8996

Fortun - Grandfaste - Fornya konsesjon - Norsk Hydro AS - NVE - Synfaring 7. og 8. september 2021/9240

Nye energiløsninger på betjente turisthytter 2021/6460

Utladalen landskapsvernområde - Helikopterflyging i Utladalen 30.juli 2021 - Hydro Energi 2020/3317

Detaljregulering Bygdin - Høyring og offentlig ettersyn 2021/8865

Tilbakemelding - retningslinjer for private gaver og bidrag til forvaltningen av verneområder 2021/7528

Utsiktspunkt Vettisfossen: Kostnadsestimat og kort beskrivelse - Grunnlag for søknader om finansiering - Dronninga landskap 2019/12439

Jotunheimen nasjonalpark - Svar på forespørsel - Utlegging av geocache - Midtre Høgvagltind 2021/8849

Rapport Beseggløpet - 2021 2020/1332

ST 32/2021 Delegerede vedtak

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 17.09.2021

Vedtak

Nasjonalparkstyret tek delegerede vedtak til orientering.

20/2021 Delegerede vedtak - Jotunheimen NP - 2021 - telteir vest for Gjende - Stiftelsen Phoenix Haga 2021/5779

21/2021 Delegerede vedtak - Jotunheimen NP - snødekt mark og motorbåt - 2021-2025 - overvåking av store innsjøer - Gjende - NINA - NIVA - Akvaplan-niva 2021/4855

22/2021 Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - helikopter - Plassering av båt ved Bessvatnet - Vågå Røde Kors Hjelpekorps 2021/8302

23/2021 Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone for kartlegging ved Nautgardsbreen - UiB institutt for geografi 2021/8596

24/2021 Delegerede vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2021 - Transport til Glitterheim for dagsenterpasientar - Lom kommune 2021/9181

25/2021 Delegerede vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Transport av ved med snøskuter og material med helikopter - Vidar Hjelle 2021/8601

26/2021 Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2021 - barmark - Transport til Glitterheim - Stig Lauvslund 2021/8007

27/2021 Delegerede vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Utladalen landskapsvernområde - 2021 - Bruk av helikopter for transport av materialar og utstyr for reparasjon av bruer - DNT Oslo og Omegn 2021/7406

28/2021 Delegerede vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2021 - Bruk av drone for naturdokumentasjon Øvre Leirungen - Orsolya Haarberg 2021/8866

ST 33/2021 Eventuelt

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 17.09.2021

Vedtak

Ingen saker til behandling under eventuelt.

Timar til førebuing: 2 timar.

Møtet i november er planlagt enten i Vågå eller nord i Valdres (Vang eller Øystre Slidre). Teams-møte kan vurderast – eventuelt at dei som ønskjer kan kople seg opp via Teams.

ST 34/2021 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Orientering om samarbeidsavtale mellom DNT og Statsforvalteren i Innlandet om ut.no

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen tek samarbeidsavtalen mellom Statsforvaltaren i Innlandet og DNT til orientering.

Styret ønskjer orientering om erfaringar med avtalen ved utløpet av avtaleperioden i 2022.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 17.09.2021

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen tek samarbeidsavtalen mellom Statsforvaltaren i Innlandet og DNT til orientering.

Styret ønskjer orientering om erfaringar med avtalen ved utløpet av avtaleperioden i 2022.

ST 35/2021 Lom kommune - Arealdel til kommuneplanen 2021-2030 - Uttale frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen legg til grunn at turisthyttene som ligg inne i verneområdet (Glitterheim, Memurubu og Gjendebu) berre skal visast med symbol og namn på

kommuneplankartet, og ikkje med større areal avsett til fritids- og turistformål. Verneforskrifta gjeld fullt ut innan nasjonalparken, og alle tiltak på bygningar og anlegg må behandlast av forvaltningsstyresmakta. Det å vise enkelte område som næringsareal for turisme gjev eit uheldig signal, og kan medverke til å svekke vernestatusen og forståinga for verneforskrifta.

Bruk av arealbruken næringsformål på ferdselsruter og større område inne i nasjonalparken er heilt klart i strid med verneformålet nasjonalpark. Det er og uheldig at områda BFT21 og BFT22 er vist som næringsareal helt ned mot vasskanten på vassdraga Gjende og Muru, jf. retten til fri ferdsel langs vassdrag. Områda BFT20, BFT21 og BFT22 må derfor takast ut av plankarta og erstattast med punktsymbol som viser lokaliseringa av turisthyttene innan nasjonalparken. Nasjonalparkstyret viser til at «*høve til uforstyrta naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging*» er nemnt særleg i formålsparagrafen for Jotunheimen nasjonalpark, og det vil vera i strid med verneformålet å vise viktige ferdselsruter forbi turisthyttene som blått næringsareal. Ferdselsrutene og areala elles rundt Memurubu, Gjendebu og Glitterheim må visast som LNFR-område på plankartet.

Nasjonalparkstyret føreset av planomtalen kap. 6.5 blir korrigerert, slik at også Jotunheimen blir nemnd blant dei bandlagte områda for naturvern (H720) innan kommunen.

Det er positivt at planen ikkje legg opp til større utbyggingar eller andre tiltak som vil skape auka trafikk inn i verneområdet på plassar der det ikkje er tilrettelagt for å ta imot gjester, slik det er rundt dei etablerte innfallsportane ved turisthyttene i randsonen.

Merknad til pkt. 3.1.4 i planføresegnene: Det bør presiserast at denne generelle opninga for antenner og vindmøller ikkje gjeld for hytter/bygningar innan verneområda. Eit krav om søknad eller melding om slike tiltak ville sikre at ein får fanga opp tilfelle som rører ved verna område eller særskilde kulturminneverdiar.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 17.09.2021

Marit Sletten stilte spørsmål ved habiliteten sin før styret behandla saka. Nasjonalparkstyret vurderte at ho som kommunepolitikar ikkje er ugild i sak om overordna arealplan.

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen legg til grunn at turisthyttene som ligg inne i verneområdet (Glitterheim, Memurubu og Gjendebu) berre skal visast med symbol og namn på kommuneplankartet, og ikkje med større areal avsett til fritids- og turistformål. Verneforskrifta gjeld fullt ut innan nasjonalparken, og alle tiltak på bygningar og anlegg må behandlast av forvaltningsstyresmakta. Det å vise enkelte område som næringsareal for turisme gjev eit uheldig signal, og kan medverke til å svekke vernestatusen og forståinga for verneforskrifta.

Bruk av arealbruken næringsformål på ferdselsruter og større område inne i nasjonalparken er heilt klart i strid med verneformålet nasjonalpark. Det er og uheldig at områda BFT21 og BFT22 er vist som næringsareal helt ned mot vasskanten på vassdraga Gjende og Muru, jf. retten til fri ferdsel langs vassdrag. Områda BFT20, BFT21 og BFT22 må derfor takast ut av plankarta og erstattast med punktsymbol som viser lokaliseringa av turisthyttene innan nasjonalparken. Nasjonalparkstyret viser til at «*høve til uforstyrta naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging*» er nemnt særleg i formålsparagrafen for Jotunheimen nasjonalpark, og det vil vera i strid med verneformålet å vise viktige ferdselsruter forbi turisthyttene som blått næringsareal. Ferdselsrutene og areala elles

rundt Memurubu, Gjendebu og Glitterheim må visast som LNFR-område på plankartet.

Nasjonalparkstyret føreset av planomtalen kap. 6.5 blir korrigerert, slik at også Jotunheimen blir nemnd blant dei bandlagte områda for naturvern (H720) innan kommunen.

Det er positivt at planen ikkje legg opp til større utbyggingar eller andre tiltak som vil skape auka trafikk inn i verneområdet på plassar der det ikkje er tilrettelagt for å ta imot gjester, slik det er rundt dei etablerte innfallsportane ved turisthyttene i randsonen.

Merknad til pkt. 3.1.4 i planføresegnene: Det bør presiserast at denne generelle opninga for antenner og vindmøller ikkje gjeld for hytter/bygningar innan verneområda. Eit krav om søknad eller melding om slike tiltak ville sikre at ein får fanga opp tilfelle som rører ved verna område eller særskilde kulturminneverdiar.

ST 36/2021 Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2021-24 - Bruk av motorbåt for vedlikehald og tilsyn av hytte ved Gjende - Vidar Øihusom

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.3 i) får Vidar Øihusom dispensasjon for bruk av motorbåt på Gjende for transport i samband med vedlikehaldsarbeid på hytte ved Leirungsåe.

- Løyvet gjeld inntil 2 turar årleg med motorbåt på strekninga Gjendeosen – Leirungsåe T/R i samband med vedlikehaldsarbeid i 2021-2024. Tilsynet skal vera knytt til konkrete vedlikehaldsoppdrag som krev transport av utstyr, og bør i utgangspunktet planleggjast slik at ein får ordna alt på *ein* tur pr. år.
- Dersom det ved første tur blir oppdaga forhold som krev meir oppfølging med transport av tyngre utstyr, kan dette utløyse eit behov for tur 2, etter varsel til nasjonalparkforvaltar.
- Bruk av motorbåt for reine tilsynsturar blir ikkje vurdert å koma inn under § 3 pkt. 6.3 i).
- Transporten skal foregå på vekedagar (måndag-fredag)
- SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding om dato for transport seinast dagen før. Mobilnr. 959 65 158 eller e-post rigmor.solem@miljodir.no

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 17.09.2021

Vedtak

Med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 6.3 i) får Vidar Øihusom dispensasjon for bruk av motorbåt på Gjende for transport i samband med vedlikehaldsarbeid på hytte ved Leirungsåe.

- Løyvet gjeld inntil 2 turar årleg med motorbåt på strekninga Gjendeosen – Leirungsåe T/R i samband med vedlikehaldsarbeid i 2021-2024. Tilsynet skal vera knytt til konkrete vedlikehaldsoppdrag som krev transport av utstyr, og bør i utgangspunktet planleggjast slik at ein får ordna alt på *ein* tur pr. år.
- Dersom det ved første tur blir oppdaga forhold som krev meir oppfølging med transport av tyngre utstyr, kan dette utløyse eit behov for tur 2, etter varsel til nasjonalparkforvaltar.
- Bruk av motorbåt for reine tilsynsturar blir ikkje vurdert å koma inn under § 3 pkt. 6.3 i).
- Transporten skal foregå på vekedagar (måndag-fredag)
- SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding om dato for transport seinast dagen før. Mobilnr. 959 65 158 eller e-post rigmor.solem@miljodir.no